

Styremøte SFSG 19.6.23 på Teams

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Erlend Brede Fossen, Anne Inger Moen og Solgun Haugen
Frå utvala; Roger Løvik, Tom Idar Kvam
Ikkje tilstades; Ole Bjarne Hovland

Kl 20.30 – 23.10

Sak 29/23 Deltaking sidan sist

Erlend – årsmøte Vestland bondelag?, møte sentralt tillitvalgte NSG, møter gjetarhundnemnda,
Ragnhild – fagsamling sau, årsmøte SFSG inkl fagdag, kontaktutvalet rovdyr
Jo – fagsamling sau, årsmøte SFSG inkl fagdag, årsmøte NSG
Anne – fagsamling sau, møte i avlsutvalet, møte med Nordsida Bondelag, årsmøte SFSG inkl fagdag,
Solgun – fagsamling sau, årsmøte SFSG inkl fagdag, årsmøte NSG

Sak 30/23. Nytt utvala

Avlsutvalet – Tom Idar orienterte frå møte i avlsrådet.

Utval mjølkegeit – har ikkje hatt noko møte i gruppa enno.

Gjetarhundnemnda - har hatt eit lite møte ang om ein skal søka om å arrangera NM i 2026/2027.
Det vert ikkje noko av. Roger har vore inne som vara i gjetarhunderådet. Ting fungerer bra no. Bra kommunikasjon fylke og nemnd. Litt laber aktivitet men ikkje fylke sin feil. Sogn og Fjordane er meir eit brukshundfylke enn eit fylke med konkurransefokus.

Sak 31/23. Oppdatert status årsmøte i lokallaga.

Solgun orienterte om kor mange lag som har hatt årsmøte og sendt inn årsmelding med meir til NSG.
Styret diskuterte vidare oppfølging av lokallag som ikkje har levert årsrapport mm. Det er 11 lokallag som ikkje har levert det dei skal. Styret bestemte at ein tek tak i dette att i november/desember.

Sak 32/23. Status tur Stad – invitasjon medlemmar

Styret gjekk gjennom status for tur til Stad i august.

Sak 33/23. Haustsamling

Styret bestemte at haustsamling vert 3-4.november, og at ein sjekkar prisar på fleire hotell før ein bestemmer seg for kvar haustsamlinga skal vera. Det vart òg diskutert aktuelle programpostar og korleis ein skal markera 75-års jubileumet til SFSG.

Sak 34/23. Beitesesongen 2023

Styret gjekk gjennom status for det ein veit om beitesesongen 2023, spesielt med tanke på rovdyr.
Jerv i Viksdalen, med lam dokumentert teke av jerv. Jervespor på Vadheim og Nessane i vinter.
Gaularfjellet SNO i vinter.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sogn og Fjordane Sau og Geit

Uttak av jerv i Luster og Årdal/Lærdal av SNO.



Referent; Solgun Haugen.

Postadresse:
Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342
E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694